



**Kviteseid kommune**

## **Vedtekter for Kviteseid ungdomsråd**

**§1** Namnet på rådet er Kviteseid ungdomsråd

**§2** Kviteseid ungdomsråd er eit partipolitisk uavhengig organ.

### **§3 Føremål**

-Kviteseid ungdomsråd skal gje ungdom i kommunen større påverknad. Rådet skal arbeide for at Kviteseid kommune er en god stad å vekse opp og for at ungdomane si stemme blir høyrd i politiske saker.

-Ungdomsrådet skal vera ein aktiv medspelar til dei kommunale organ for å utvikle Kviteseid til ein god stad å bu, med eit miljø som fremjer identitet, toleranse, livskvalitet og tilhøyre.

-Involvering i den demokratiske prosessen gjev ungdommen reel moglegheit til å vera med å bestemme og bidreg til å auke ungdommen sitt samfunnsengasjement.

### **§4 Oppgåver**

*Ungdomsrådet skal:*

- hjelpe unge å bli høyrd der avgjerer blir tatt.
- vere høyringsorgan i saker som vedkjem ungdom.
- Sjå til at dei kommunale organ jobbar etter ungdommen sine prioriteringar i saker som har med ungdom og deira miljø å gjera.
- fremje ungdommen sine interesser.
- synleggjera kva ungdomsrådet kan oppnå.

### **§5 Val og funksjonstid**

Det er val til ungdomsrådet kvar haust innan 15. september. Vala blir gjennomført på Kviteseid skule og på Kvitsund gymnas.

På Kviteseid skule vel kvart trinn frå 8.-10. trinn to representantar med personleg vara.

På Kvitesund gymnas blir det vald ein representant med personleg vara. Dei som blir valde må vere folkeregistrert i Kviteseid kommune.

Alle representantar blir valde for eit skuleår om gongen.

Det er ei målsetting at blant ungdomsrådet sine faste representantar er det minimum 40% av kvart kjønn.

## **§6 Konstituering**

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølve. På fyrste møte i ungdomsrådet om hausten blir det vald leiar, nestleiar og kommunikasjonsansvarleg(e) for sosiale medium blant dei faste medlemmene.

Kvar representant i rådet har ei stemme. Dersom likt tal ved røysting, har leiar dobbeltstemme.

Rådmannen har ansvaret for at ungdomsrådet har ein kontaktperson i administrasjonen. For tida er kontaktperson kommunalsjef for skule og barnehage.

Kontaktpersonen sine oppgåver:

- hjelpe ungdomsrådet med å etablere nødvendig kontakt med kommunen sin administrasjon og politiske leiing
- syte for at val til ungdomsrådet blir gjennomført til rett tid
- hjelpe rådet med konstituering
- vere sekretær for rådet
- ha ansvar for kontinuiteten
- utarbeide innkalling og saksliste saman med leiar

## **§7 Møteverksemd**

Ungdomsrådet skal ha to møter i halvåret. Leiar kan kalle inn til fleire møte ved behov.

Det er obligatorisk for dei faste representantane å delta på minst eit møte i halvåret.

Fråfall meldast til leiar.

Representantane gjev sjølve beskjed til vara om dei ikkje kan møte, og informerer leiar om vara stiller på møtet for dei eller ikkje.

På fyrste møte om hausten kallast alle inn, både faste representantar og vararepresentantar.

Leiar og nestleiar frå året før deltek på fyrste møte med nytt råd om hausten for å informere om kva ungdomsrådet har arbeida med føregående år.

Det blir sendt ut innkalling med saksliste ei veke før møtet. Saker ein vil ha drøfta på møtet meldast leiar før det.

Ungdomsrådet kan kalle inn ordførar, rådmann og einingsleiarar ved behov.

Nytt fast møte i rådet avtalast på kvart møte.

Møte gjeng føre seg i skuletida. Ein bør syte for at møta ikkje er på same dag og tidspunkt kvar gong.

## **§8 Talspersonar**

I utgangspunktet er det leiar og nestleiar som representerer ungdomsrådet, men andre representantar kan vera talsperson(ar) i einskilde saker, dersom rådet sjølv ynskjer det.

Ungdomsrådet har møte og talerett i alle utval, og kommunestyret med inntil to representantar.

### ***§9 Dagsorden for møte***

*Leiar styrer møta på følgjande måte:*

- 1 Opning av møtet med namneopprop
- 2 Godkjenning av innkalling og referat
- 3 Godkjenning av sakslista for møtet
- 4 Representantane melde saker til eventuelt
- 4 Drøfting av sakene på sakslista
- 5 Drøfting av saker meldt til eventuelt
- 6 Gjennomgang av kva rådet har blitt enige om på møtet ved behov
- 7 Avslutning av møtet

### ***§10 Endring av vedtektene***

Representantane kan fremje forslag om å endre vedtektene som ei sak til ungdomsrådet. Dersom forslaget får fleirtal, endrast vedtektene og nytt framlegg til vedtekter blir lagt fram for kommunestyret.